





FUGLEFREDINGS-
OMRÅDE

BLINDHEIMSVIK

Blindheimsvik fuglefredingsområde vart oppretta i 1988. Føremålet med vernet er å ta vare på eit viktig våtmarksområde med livsmiljø, fugleliv og anna dyreliv. Fredingsområdet har eit areal på ca. 1.133 dekar, av dette utgjer sjøarealet mesteparten med ca. 1.030 dekar. I 1996 fekk Blindheimsvik den internasjonale statusen Ramsarområde som ein del av Giske våtmarkssystem.

Naturgrunnlag


Blindheimsvika er ei langgrunn bukt på sørsida av Vigra med tidevassleirer som delvis fell tørre ved fjøre sjø. På landsida er det flate strandareal bygd opp av marine strandavsettingar.

Vegetasjon

Området er relativt artsfattig med ca. 110 ulike planteartar. Interessante artar er havsivaks, grusstorr, havstorr, ishavsstorr og smårøyrkvein. Vegetasjonstypar er ulike strandenger og strandsump.

Dyreliv

Blindheimsvik er viktigast som beiteområde for våtmarksfugl. I trekktidene og om vinteren beitar lommar, dykkarar, alkefugl og ulike dykkender i dei grunne sjøområda. I trekktidene om hausten rastar mange vadefuglartar her. Her kan vere myrsnipe, dvergsnipe, polarsnipe, brushane og lappspove. Ein interessant hekkefugl er gravand, og her hekkar også raudstilk, sandlo, vipe, storspove og tjeld.



Inngrep og annan påverknad

Området ligg inntil vestenden av flyplassen, med delar av tryggleikssona. Det er planta sitkagran i og inntil området, og den svartelista arten rynkerose spreier seg på strendene. Det er behov for å fjerne framande plantar og strandsøppel som driv på land.



Havstarr

Velkomen til Blindheimsvik fuglefredingsområde

Vernet er ikkje til hinder for tradisjonelt friluftsliv, sanking av bær og matsopp eller tradisjonelt beite, men vi vil be deg merke deg at:

- Vegetasjon som er av verdi for fuglelivet er freda mot skade og øydelegging.
- Fuglar med reir og egg er freda.
- Jakt er forbode, unnateke på villmink.
- Det er forbod mot tiltak som kan endre dei naturgitte produksjonstilhøva eller skade fuglane sitt livsmiljø, slik som drenering, masseuttak, utfylling, forureining eller dumping av avfall.
- Motorisert ferdsel utanom næringsføremål er forbode.
- Det er unntak for drift av jordbruksareala innafor reservatet og vedlikehald av grøfteutløp og kraft- og teleliner.
- Det er bandtvang for hund heile året.

Verneforskrift




Forvalting, informasjon og oppsyn

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde, tlf. 71 25 80 00

www.fylkesmannen.no/mr *www.naturbase.no*

Statens naturoppsyn, tlf. 73 58 05 00 *www.naturoppsyn.no*



Gravand



Sjøorre



Gråstrupedykkar

Foto: Øivind Leren og Fylkesmannen. ©Fylkesmannen i Møre og Romsdal 2014